
Saksnr: 2023/70948-14**Saksbehandlar:** Siri Hanson

Saksgang

Utv. saksnr.	Møtedato
	04.06.2025

Konsesjonssøknad ny straumforsyning til dam Fossvatnet og dam Seltuftvatn - Høyanger og Sunnfjord kommune - Høyring**Forslag til vedtak**

Vestland fylkeskommune gjer følgande uttale til høyring av konsesjonssøknad for ny straumforsyning til dam Fossvatnet og dam Seltuftvatn - Høyanger og Sunnfjord kommune:

- 1.Kulturlandskap av nasjonal interesse (KULA) må vere eit tema i kapittel 5 Verknader for miljø og samfunn. Ein må legge vekt på verdiane knytt til vasskraftlandskapet og Høyangers status som KULA-område.
- 2.Alle tiltak må ta omsyn til det kulturhistoriske landskapet av nasjonal interesse. Tiltak må ikkje endre eksisterande kulturlandskapselement i vesentleg grad.
- 3.Kabeltraseen i eksisterande veg og i ny veg, eller som egen trase i landskapet må ta omsyn til og særskilt utgreiast i høve til verdiane i KULA-landskapet.
4. Alternativ 1 med ny anleggsveg er eit stort terrenginngrep og det vil få negative konsekvensar for landskapet. Vi meiner at alternativet med jordkabel i terrenget vere å føretrekke av omsyn til både landskapsoppleving og friluftsliv.

Samandrag

Statkraft Energi AS søker om løyve i høve til energilova § 3-1 for å bygge og drifte straumkabelanlegg med fiberkommunikasjon med tilhøyrande nettstasjonar. Total lengde på kabelanlegget er 5,2 km.

I Indre Sogn har Riksantikvaren nyleg registrert Vasskraftlandskapet i Høyanger som eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA). Av omsyn til KULA-landskapet må det gjerast ei vurdering for traseen opp mot Seltuftvatn og kva alternativ som fører til minst inngrep. Alternativ 1 med ny anleggsveg er eit stort terrenginngrep og det vil få negative konsekvensar for

landskapet. Vi meiner at alternativet med jordkabel i terrenget vere å føretrekke av omsyn til landskapsoppleving og friluftsliv. Det er viktig å ta omsyn til dei gamle stølane.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Bård Sandal
direktør
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Statkraft Energi AS søker om løyve i høve til energilova § 3-1 for å bygge og drifte straumkabelanlegg med fiberkommunikasjon med tilhøyrande nettstasjonar. Total lengde på kabelanlegget er 5,2 km. Anlegget vil gi straumforsyning til lukestyring og måleinstrument ved dam Fossvatn og dam Seltuftvatn. Nominell spenning på kabelanlegget blir 24 kV, men anlegget vil bli driftet på 12 kV..

Anlegget koplast til eksisterande nett i eksisterande nettstasjon på austsida av Fossvatn. Kabeltrase er planlagt langs sørsida av Markesetvegen på nordsida av Fossvatn, med avgreining nordover mot Seltuftvatn.

Søknaden har to alternativ. Alternativ 1 inneber at kable-traseen til Seltuftvatn følgjer planlagt ny anleggsvei. Alternativ 2 er separat kabeltrase frå Markesetvegen til dam Seltuftvatn (dersom anleggsvei mot Seltuftvatn ikkje blir godkjent)

Søknad om ny anleggsvei handterast i eigen sak (NVE-ref. 202400030) og søknad om ekspropriasjon i forbindelse med dam-rehabiliteringar av bl.a. dam Fossvatn og dam Seltuftvatn.

Vedtakskompetanse

Jfr. reglement for folkevalde organ og delegering, har fylkesutvalet vedtakskompetanse til å gje høyring, pkt. 7.

Medverknad

Søknaden er sendt på høyring av NVE.

Skildring av tiltaket

Statkraft søker om konsesjon i medhald av energilova på tre nye nettstasjonar (ved dam Fossvatn, dam Seltuftvatn og Stordalen) og etablering av 24 kV kabelanlegg mellom eksisterande nettstasjon og dei tre nye nettstasjonane. Kabelanlegget vil driftast på 12 kV. Statkraft søker òg om ekspropriasjonsløyve (oreigningslova av 23.10.1959, § 2 punkt 19) for naudsynte grunn og rettar for å byggje og drive dei elektriske anlegga, inkludert rett til all naudsynt ferdsel/transport. (Oversiktskart og søknad finnes i vedlegg)

Samstundes søker Statkraft om førehandstiltreding (oreigningslova § 25) som inneber at grunn og tilkomstrett kan takast i bruk før skjøn er 2 halde. Grunn- og rettshavarar som ekspropriasjonssøknaden angår, kan finne relevant informasjon om kva det inneber på www.nve.no/grunneierinfo.

Vurderingar og verknader

Vurdering

Vi legg til grunn at søkjar og energimynde har set seg inn i Regional plan for fornybar energi 2023-2035, Regional plan for klima 2022-2035 og Regional plan for vassforvalting for Vestland vassregion 2022-2027.

Fornybar energi og klima

Hovudmålet i Regional plan for fornybar energi 2023-2035 (fornybarplanen) er at vi har energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping. Vidare at Vestland er positive til bygging av ny fornybar energi der omsyn til miljø og andre arealinteresser er ivareteke. I høve fornybarplanen er fylkeskommunen positiv til auka produksjon frå fornybare energikjelder og på den måten bidra til å kutta klimagassutslepp i Vestland

Kulturminne og kulturmiljø

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturmiljømynde.

Vestland fylkeskommune har ansvar for å ivareta nasjonale og regionale kulturmiljøinteresser, og tiltaka sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal avklarast og vurderast med tanke på verneverdi. I tillegg til forminne og bygningar/bygningsmiljø, gjeld dette også steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne og kulturlandskap.

I Indre Sogn har Riksantikvaren nyleg registrert Vasskraftlandskapet i Høyanger som eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA). KULA registeret er ein oversikt over alle kulturhistoriske landskap i Noreg med nasjonal interesse. Riksantikvaren vil med dette bidra til at nasjonalt viktige landskap blir tekne vare på i planlegginga. Meir omtale av landskapsverdiane og sårbarheita kan lesast i KULA-rapporten. <https://riksantikvaren.no/oversikt-over-kulturmiljo-og-landskap-av-nasjonal-interesse/>

Landskapet i Høyanger var ein føresetnad for vasskraftutbygginga og la grunnlaget for industrisamfunnet. Det er knytt store opplevings- og kunnskapsverdier til kraftlandskapet og lesbarheita av koplinga mellom landskapet og den historiske bruken av landskapet. Når det gjeld sårbarheit og råd for forvaltning av Vasskraftlandskapet i Høyanger står det mellom anna i KULA rapporten: «Landskapskarakteren i seg sjølv er ganske robust, men ved fjerning av synlege røyrgrater, kraftstasjonar og andre installasjonar knytt til kraft- og industri utbygginga vil karakteren som industrilandskap bli forringa. Endringar i kraftproduksjon og nye kraftanlegg med stenging av dei gamle anlegga er i dag den største trusselen mot området som eit vasskraftlandskap. Krav i konsesjon om å rydde opp anlegg som ikkje er i bruk, vil kunne føre til at lesbarheita i dagens industrilandskap vert forringa»

KULA-område i Høyanger må vere eit tema under punkt.5.5 i kapittel 5 Verknader for miljø og samfunn. Konsesjonssøknaden må legge vekt på verdiane knytt til vasskraftlandskapet og Høyangers status som KULA-område. Ein må synleggjere konsekvensane av tiltak både i forhold til heilskapen og det som gjeld enkeltelement. Fylkeskommunen legg til grunn at prosjektet ikkje vil fjerne eller endre eldre installasjonane og viktige enkeltelement i vasskraftlandskapet, til dømes røyrgrater, demningar, vegar, lukehus, vaktarbustadar mm.

Når det gjeld tiltak på den gamle anleggsvegen opp til Seltuftvatn må ein i minst mogeleg grad endre breidde og utforming. Ved endring må tilpassing til landskapet vere ein føresetnad for arbeidet. Vestland fylkeskommune ber om at alle andre inngrep tek omsyn til eksisterande landskap. Kabelgrøft langs Markesetvegen og vidare opp mot Seltuftvatn må leggjast på ei slik måte at det fører til minst mogeleg landskapsendringar.

Av omsyn til KULA-landskapet må det gjerast ei vurdering for traseen opp mot Seltuftvatn og kva alternativ som fører til minst inngrep. Alternativ 1 med ny anleggsveg er eit stort terrenginngrep og det vil få negative konsekvensar for landskapet. Vi legg til grunn at legging av kabelgrøft ikkje endrar den eksisterande vegen sin karakter. Vegnettet her er eit viktig kulturlandskapselement i kraftlandskapet.

Dei tre nettstasjonane som er planlagd er av ei storleik som etter vårt syn ikkje vil føre til vesentleg negative konsekvens for landskapet. Det er og viktig å ta omsyn til dei gamle stølane. Stølane og rester etter stølsdrift er en del av kulturlandskapet og syner bruken av landskapet over tid. Under opparbeiding av feltet må ein søkje å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapsstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Automatisk freda kulturminne

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne innafor tiltaksområde. Kabeltrase skal etablerast i vegskulder på sørsida av Markesetvegen som går nord for Fossvatn. I søknaden står det at grøftbreidde vert om lag 1 m brei. Inngrep i samband med straumkabel skal skje tett på eksisterande veg, noko som avgrensar potensialet for nye funn. Fossvatn er demma opp og planlagd tiltak ligg ikkje i tilknytning til den opphøvelege vasskanten.

Mellom nettstasjon ved Lonestølen og nettstasjon Seltuftvatn er det planlagt kabeltrase i bakken, i tillegg til ny anleggsveg som skal søkast om separat. Vestland fylkeskomme har tidlegare varsla at undersøkingsplikta jf. 9 i kulturminnelova må oppfyllast i dette området, og arkeolog frå fylkeskommunen gjennomførte i 2024 ei mindre registrering her. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne, og potensialet for nye funn vart vurdert å vera lågt.

Vi gjer merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne vert avdekt må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert. Automatisk freda kulturminne kan i denne samanheng vere konsentrasjonar av trekol i bakken, dyregrav, steinsettingar, eller våpen og reiskap i metall eller stein.

Friluftsliv

Ein ny anleggs-veg opp til Seltuftvatnet vil utgjere eit relativt stort terrenginngrep. Av omsyn til landskapsoppleving og friluftsliv vil alternativet med jordkabel i terrenget vere å føretrække. Nettstasjonane bør få ei utforming og materialbruk som gjer at desse i minst mogleg grad står fram som skjemmande framandelement i landskapet

Natur, landskap og biologisk mangfald

Rapporten er grundig gjennomført når det gjeld biologisk mangfald.

Vi viser elles til fornybarplanen Retningslinje 21 og 25 som seier at planlagde tiltak som kjem i konflikt med artar som er "kritisk truga" eller "sterkt truga" (jf. Norsk Raudliste), eller naturtypar og leveområde som Noreg har eit internasjonalt ansvar for, eller er i konflikt med oppfyljing av nasjonale og internasjonale avtalar, ikkje skal få konsesjon og at etablering av rørgate og anleggsveg ikkje må føre til vesentleg inngrep i naturtypar av stor verdi. Klimaplanen seier at vi vektlegg omsynet til naturen i arealplanlegging, og så langt som råd unngår å øydelegge område som er viktig for biologisk mangfald. Klimaplanen seier at vi unngår tap av viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

Området er i sårbar fjellnatur og ein anleggsveg vil bli eit større inngrep i enn jordkabeltrasé. Vi meiner difor at jordkabel bør leggjast etter alternativ 2 i staden for ny veg mellom Fossvatnet og Seltuftvatnet.

Statsforvaltaren i Vestland har gitt innspel i høve biologisk mangfald i brev datert 29.04.2025 (sjå vedlegg)

Konklusjon

I Indre Sogn har Riksantikvaren nyleg registrert Vasskraftlandskapet i Høyanger som eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA). Av omsyn til KULA-landskapet må det gjerast ei vurdering for traseen opp mot Seltuftvatn og kva alternativ som fører til minst inngrep. Alternativ 1 med ny anleggsveg er eit stort terrenginngrep og det vil få negative konsekvensar for landskapet. Vi meiner at alternativet med jordkabel i terrenget vere å føretrække av omsyn til landskapsoppleving og friluftsliv. Det er viktig å ta omsyn til dei gamle stølane